

Kviteseid Turlag
DNT Telemark



PÅ TUR I KVITeseid MED DNT SjekkuT

Kviteseid turlag har tre turlister: Kvardagsturar, turboturar (familieturar) og toppturar. Premiering etter sesongslutt.

DNT SjekkuT – Din digitale turpostkasse
Appen er gratis og tilgjengeleg i [Appstore](#) og [Google Play](#).

Med appen kan du:

- Sjekke inn digitalt på turposten med mobiltelefonen din
- Sjå kor mange og kva for turpostar du har sjekka inn på
- Ta eit bilete av deg sjølv på turposten og dele på sosiale mediar
- Signere den digitale gjesteboka for kvar turpost
- Sjå kart som viser kvar du er og turpostane i nærleiken

Opprett brukarkonto for komme i gang!

Du må ha en DNT-brukarkonto og logge deg på for å kunne ta i bruk appen og sjekke inn på turpostane. Om du ikkje har ein DNT-brukar allereie kan du enkelt registrera deg når du opnar appen eller på forhand via [Min side på dnt.no](#). Det er gratis å opprette ein brukarkonto, og du treng ikkje vera medlem i DNT.



TURBOTURAR

Ågapet rundt - Kviteseid

Det er Kviteseid kommune som har ansvaret for denne stien. Ein kan starte fleire stader, da dette er ei rundløype. Parkering i Kviteseid sentrum eller ved skulen. Startar ein i sentrum går ein forbi Apoteket og vidare på sykkel/gangsti som går på nedsida av kyrkja.



Her er det satt opp ein bautastein som er til minne om 1000 års skiftet. Turen går vidare på sykkel/gangsti nesten til arbeidssamvirket, kor ein tar til venstre inn på ein grusveg. Her går ein ut på eit våtmarksområde ut til Ågapet. Her kan ein raste og fiske om ein ynskjer. Ein fin camping-plass på den andre sida av Dalaåi. Ein går nordover på grusveg opp til Mossbrui. Ein tar til høgre ved brua, og går mot skulen. Ein kryssar Dalanvegen og går på fortauet opp mot skulen. Det er ein sykkel/gangsti på høgre side som ein fylgjer sørover igjen. Borte ved gamle Moen skule kryssar ein Dalanvegen igjen, og fylgjer sykkel/gangsti ut til sentrum. Det er ca 3,5 km rundløype. Stien blir brøyta om vinteren, men det kan være noko løst pga snø.

Kongsbergdammen - Kviteseid



Kongsbergdammen er ei høgd like nord for Kviteseid sentrum. Start for turen: P-plass ved Rv. 41 (Uppsund). Løypa fylgjer traktorvegen frå kraftstasjonen, forbi Barhytta og kjem til ein liten dam, Kongsberg, som i si tid var bruka som drikkevasskjelde for delar av Kviteseid sentrum. Her er det flott utsikt over Kviteseid og Sundkilen. Kongsberg. Løypa er bratt fyrste delen, og du treng frå 30-45 min. på å gå opp. Flott utsikts plass over Kviteseid på toppen. Om lag 2,8 km. lang. Turen er berekna med bæremeis/-sele. I tillegg for born frå ca. 4 år og oppover. Topptur!

Presttjønn – Heia, Vrådal

Turen eignar seg for born i alle aldrar. Flott tur for bæremeis/-sele. Oppmøte ved P-plass på Heia mellom Vrådal og Kviteseid (v/Skytebanen ved Rv. 41). Det tek om lag 30-45 min. å gå til Presttjønn i småkupert terreng. Følg merka rundløype. Obs! Myrane kan vera blaute på haust og vår.



Månin- Morgedal

Du kan kjøre til toppen av Bjålandsgrendi i Morgedal. Ein kan også gå frå Skieventyret, men dette er mykje lengre. Spesielt for dei små. Ein følger stien opp til Månin. Følger veg fyrste del av turen, før vegen gjeng over til sti. Vegen opp til Månin er merka. Gapahuk på toppen, som ein kan raste i. I tillegg

gjestebok. Flott utsikt over Morgedal. Lett til moderat krevjande tur. Til tider litt bratt. Egnar seg for born frå 4 år og oppover. Flott tur for bæremeis/-sele. Om ein vil ha ein kortare tur, kan ein gå fyrste del av vegen frå Bjålandgrendi , og ta av til venstre til Øverbø. Vegen merka dit. Denne turen passar for alle born. Topptur!

Venelitjørni - Vrådal



Venelitjørni, 800 moh. Dei fleste brukar ca. 1/2 time frå parkeringsplassen ved Bendiksmyr. Terrenget er lett og utsikta må opplevast. Turen går fyrst over klopplagd myr for så å følge sti på berglend grunn fram til Venelitjørni. Her er det rasteplass, utedo og kvilebu. Turen er ca. 3,5-4 km t/r. Flott utsikt og storslått natur. Passar for born frå ca. 4 år og oppover. Flott tur for bæremeis/-sele. Tjørna som ligg på et lite platå er ei perle i naturen. Det er satt ut aure i vatnet og mange tar seg eit forfriskande bad på varme sommardagar. Anledning til ein topptur opp til Venelifjell for dei som ønskjer det. Kjør opp vegen merka til Venelifjell. Ta av frå Rv. 41). Obs! Parkeringsavgift. Ta med kr. 60,- i kontantar.

Kastedalskotet – Morgedal

Kastedalskotet-Geitaråsen 3 km og 230 høgdemeter

Ein kort topptur på historisk grunn.

Kastedalskotet er Sondre Norheim si berømte uvyrdslåm. På toppen kan ein

sitte i gapahuken og sjå utover den bratte

låmi. Start for turen og parkering er i krysset kommunal veg (Morgedalsvegen) og E134 ved Moskei. Sidan det er ein rundtur kan ein gå begge vegar men

anbefala tur er gå langs Morgedalsvegen ca. 900 m til krysset

Kleiv/Bjålandgrendi. Ta til venstre og gå ca. 200 m til ein kjem til ein stor plass på venstre hand. Kryss denne plassen og følg merka sti opp til Geitaråsen 650

moh. På vegen opp passerer ein bl.a. Nordjorejasen (bilde) og snur ein seg er det flott utsikt over Morgedal. På toppen fylgjer ein stien vidare fram til gapahuken og toppen av Kastedalskotet. Her kan ein fylgje merka sti nedatt til startpunktet.

Pass på at gjerde er like god stand etter du har passera det.



KVARDAGSTURAR

Stigen - Kviteseid

Denne stien er det Kviteseid Idrettslag som har ansvaret for. I boka På tur i

Kviteseid er det løype nr 17. Frå Kviteseid sentrum kjører ein nordover forbi kyrkja. Når ein kjem til vegkrysset til skulen, tar ein til venstre. Ein kjører rett

fram og over Mossbrua, og vidare oppover bakkane. Ved neste vegkryss tar ein

til høgrefløy, og fylger denne vegen oppover. Etter ca. 2,5 km kjem ein til Tveitgrendtunet. Her tek ein opp til høgrefløy. Følg denne vegen til ein er ved bommen. Det er parkering Tveitgrendvegen i vegskillet til Myran. Frå parkering og opp til utsiktspunktet er det ca. 1,2 km. Det er grusveg og noko bratt.


Fossøy - Vrådal

Frå Straand hotell kan ein nå følgje sykkel/gangsti gjennom Vrådal sentrum bort til fotballbanen eller Straumsnes oppvekstsenter. Her er det mogleg å parkere og. Frå Straumsnes går ein mot slusa. Ved slusa er det



eit skomakarmuseum og. Gå over slusa og på ein grusveg. Ved første vegkryss tar ein til venstre. Ein går over ein kullvert (bru) og etter denne kan ein gå til høgrefløy eller venstre. Det er ei rundløype på øya her med forskjellige opplysningsskilt. På øya er det også ein golfbane, og det er også ein kafé som er open i golfsesongen. Det er også mulig å fiske her dersom ein har fiskekort. På nedsida av Straand hotell (Sommarland ved vatnet) er det båt som kan ta deg med på tur også.

Øverbø - Morgedal



Ein kan gå frå Morgedal hotell eller Skieventyret. Det er ca. 2,5 km å gå opp til Bjålandsgrendi. Det er parkering ved Bjålandsgrendi. Her er det også nøkkel for å komme inn på Øverbø. Det er ca. 400 m frå parkering og opp til Øverbø. Noko bratt. Det er Morgedal Idrottslag som har ansvaret for merkinga her. Øverbø er heimen kor Sondre Nordheim blei født og oppvaksen.

Håtveitgrenda - Morgedal

Frå Morgedal hotell eller Skieventyret kan ein kjøre bortover på gamleveg (Morgedalsvegen) kor ein har Morgedalstjønna på venstre side. Etter ca. 1 km tar ein opp til høgrefløy til Håtveitgrenda. Ein fortsett oppover på grusvegen ca. 1 km. Her må ein parkere, da det er bomveg noko lenger framme. Ein går oppover på grusvegen, og noko bratt er det. Det er mulig å trille barnevogn her. I eit vegskilje noko lenger oppe holdar ein til venstre. Det går så ned til ein demning som ein går over ved enden av Liervatnet. På den andre sida av demningen går ein til høgrefløy langs Liervatnet. Ein følger grusvegen eit stykke bortover, kor ein får eit vegkryss. Her kan ein velje å gå opp til venstre, eller utover til høgrefløy. I UT.no er det ikkje merka av meir enn til dette vegskillet. Herifrå kan ein gå vidare om ein ynskjer, eller tilbake igjen. Det er Morgedals idrettslag som har ansvaret for desse stiane. Om vinteren er det fine skiløyper i dette området også.

Næring - Fjågesund

Næring (776moh) ligg rett sør for Fjågesund, og har ei bratt nordside og nokre slakare sørside, der turstien går til toppen. Namnet Næring kjem trulig av bratt og framstikkande fjellformasjon (kfr. Nare, Napen, Nup mv), men kan og ha samanheng med det næringsrike jordsmonnet i området, noko ein ser på plantelivet og den frodige granskogen. Turstien startar ved Knarrbua (539 moh), der det er parkeringsplass, og går seinare forbi den frå flytta plassen Solli. Når ein seinare møter enden av skogsbilvegen, held ein fram på relativt bratte traktorvegar, før ein på ny går over i ope skogsterreng mot toppen. Her får ein fin utsikt over delar av Telemarkskanalen og fjella rundt på alle kantar. Ein ser over til Ånås og til Vealøs og Jonsknuten. Telenor har antenneanlegg på toppen av Næring. Dette krev tilsyn, og derfor er det tidvis ATV-spor i terrenget langs fast trase. Turen til Næring er på ca. 2,5 km og går i jamt stigande terreng, med slakare parti innimellom. Særmerkt for delar av området er relativt store hogstflater, som gjer at ein får vidt utsyn på turen mot toppen. God topptur!



TOPPTURAR

Heststonuten - Brokefjell, Kviteseid

Brokefjell er eit av Kviteseid kommunes mest markerte fjell, der austre deler av det lågare områda ligg i Seljord kommune. Her finn ein den sagnomsuste Mannslagarhola, der den fredlause karen frå Garvik fann gøymestaden sin etter å ha drepe ein annan kar i slagsmål. Staden har gjeve namn til Mannslagar nuten (1074 moh). Brokefjell høgste punkt med ein flott steinvarde. Turen til Brokefjell kan ein starte på fleire stader. Enten i Kviteseidbyen eller ved P-plass ved Granlien. Ein kan også starte turen frå Kvitsund gymnas, der det er P-plass. Turstiane møtast ved Løkvaet i Heivatnområdet, og går vidare som ein sti til toppen av Heststonuten (1044 moh). I finvær kan ein halde fram turen utetter det opne og vakre fjellplatået til Mannslagarnuten. Her er ikkje merka sti. Turstinettet opnar også for kortare turar opp mot Heivatn, enten som varierte rundturar eller som fram og tilbake-turar. Fyrste delar av turane opp frå bygda går på grusvegar, nokre strekningar er traktorvegar, men det meste av stinettet er på skogsstiar i terrenget. Spesielt stiane før ein kjem til Løkvaet går for ein del i relativt blaut myrterreng. Stien frå Løkvaet og opp mot Heststonuten har jamn og tildels bratt stigning, særleg siste delen opp til toppen. Denne stien startar i skogsterreng, men går gradvis over i glissen heiskog, over fine svaberg og opp i opent fjellterreng. Her er det rødt piktogram. Alle turstiane er rydda, og er merka og skilta etter DNT og Innovativ Fjellturisme sin standard. Heile stien er merka med rødt og raude T-er. Turar: Kviteseid sentrum - Brokefjell 10,6 km ein veg. Granlien - Brokefjell 8,7 km ein veg. Kvitsund - Brokefjell 6,8 km ein veg. Den

siste biten opp til Brokefjell er noe krevende. ADKOMST Parkering for privatbil i Kviteseid sentrum og ved Kvitsund gymnas. Parkering også ved Granlien.

Mannslagarnuten – Brokefjell, Kviteseid

Dette er ei forlenging av turen til Heststonuten. Ruta ikkje er merka. Terrenget er kupert med mange små fjellskrentar og småvatn. Strekinga er ca. 2 km i luftlinje.

Mannslagarnuten er høgste toppen på Brokefjell - 1074 moh.



Roholtfjell – Vrådal

Roholtfjell er det mest markerte og "minialpine" fjellet i Vrådal i Kviteseid kommune. Landskapet her er karakterisert av flate, blankskurte og bratte svaberg. Den bratte sørveggen blir nytta til fjell-klattring av lokalkjende. Fjellet består av to toppar som smale fjellryggar i aust-vestlig retning, og er greie å gå på i tørt vær. Mellom toppane er det eit djupt skar med små idylliske tjørnar med supervarmt badevatn sommartid. Turen til Roholtfjell, på T-merka tursti med grønne skilt, kan ein starte på to ulike stader. I Vrådal sentrum (Eidstod) og på Heia. Desse stiane møtast på Stemmyr. Derifrå er det ein sti til toppen. Stiane er ikkje returskilta. På begge startstader er det avmerka P-plass. Ca 7,9 km frå sentrum, 5,2 km frå Heia. Fyrste del av turstien, med merkte og skilta alternativ på to stader, pga. eventuell flaum og glatte berg, går i opent lettgått terreng med furuskog til innunder foten av fjellet. Herfrå og opp til toppen av Austre Roholtfjell (1005 moh), er det bratt stigning langs to alternative merkte og skilta ruter. Ved siste oppstigninga til toppen er det lagt ut taug på to stader. (Vis omsyn og varsemd når du nyttar taug). I varden på toppen er det lagt ut namnebok. Til nabotoppen Vestre Roholtfjell (1018 moh), er det delvis merkte stiar utan fast standard. Ein oppå og ein nedunder fjellryggen, der begge går via tjørnane i skaret mellom toppane, og bratt opp til vestre toppen. Turen på kartet er raudmerka og skilta etter DNT og Innovativ Fjellturisme sin standard. Det kan forekomme andre skilt og merke i området.

Sandenuten - Vrådal

Sandenuten (725 moh) ligg vest for Vrådal. Det er bratt stigning, men du blir lønna med ei flott utsikt på toppen. Turen startar ved parkeringsplassen ved Vrådal kyrkje. Følg hovudveggen litt tilbake mot Vrådal sentrum, til du ser ei skilting mot Roholtfjell. Følg skogsveg innover. Snart ser du eit skilt som peiker mot nord, Jøtulnuten. Blåmerka sti oppover. Bratt stigning til du kjem opp til bål plass med gapahuk. Sti vidare innover til du kjem til ein ny skogsbilveg. Følg denne austover til skilt merka Roholtfjell. Bratt sti oppover lia, denne er rødmmerka. Fortsett vidare oppover til du kjem til skilt merka "Torjushol, Skarkedalen, Henningsti". Stien tar av sørover, mot Vråvatn. Denne er blåmerka. Følg denne til toppen. God tur!

Raudbergnuten - Kviteseid



Dette er ein spennande og flott tur til ein av dei høgste toppane i området, med fantastisk utsikt over Bandak. På vegen går ein også forbi spor av gammal gruvedrift, ein av dei høgstliggjande førekomstar av barlind, og dessutan eit gammalt bjørnehi. Turen er ca. 5 km, og tar ca. 6 timer. Ein parkerer nede ved bommen på Breidalen, og går dei fyrste kilometrane innover langs skogsbilvegen. Sjølve turen mot Raudbergnuten startar litt ovanfor Bekkjekrokan, der ein tar av frå skogsbilvegen og følger ein liten traktorveg sørover. Omtrent midt foran bratthenget ned frå nuten går det ein sti opp. Kartuttekninga her er nok ikkje heilt nøyaktig, men det skal både være sti og merker ein kan følge. Ruta går oppover mot høggre innunder bratthenget, og skal være grei og finne. Som nemnt passerar ein her både barlind, gamle gruver og eit bjørnehi. Sistnemnte er litt vanskeleg å finne, men det ligg nokre meter ovanfor stien på ein av dei brattaste stadene.

Ordalsåta - Ordal

Ein flott tur i vakker natur og ikkje minst, kjempeutsikt frå Kviteseid kommune nest høgaste fjell. Start for turen er ved Nystaulvatnet, eit flott lite vatn som ligg øvst i bygda Ordal. Ved å fylgje E134 vestover frå Seljord eller austover frå Morgedal, kjem ein til Brunkeberg. Avkøyring frå E134 er ca. 1 km aust for Brunkeberg, same avkøyring som er skilta til Renovest og Haugerød og Nilsen. Frå Haugerød og Nilsen køyrer ein kommunal veg gjennom bygda Ordal (ca. 7,2 km.) Bom avgift. Fyrste kilometeren av løypa er langs ein traktorveg opp til Grønli. Vidare går turen langs myrar, fjell og stiar. Ein må rekne med ein del blaute parti, spesielt ved mykje nedbør så det er viktig med gode fottøy. Løypa er i overkant av 4 kilometer lang med en høgdeforskjell på 518 meter.

Venelifjell - Vrådal

Veneli bærer namnet sitt med rette. Kviteseid Turlag avslutta i 2014 eit toårig arbeid med å utvikle Veneli til eit turområde med fire forskjellige turalternativ. Det er lagt vekt på å gjera turstien brukarvennleg. Dei blaute partia er kloppa og ved nokon fjellskrentar er det festa tau. Stiane er godt rydda og merka. Den vakre utsikta opplever du på heile turen. Venelifjell er 905 moh. Turen går fyrst over klopplagd myr for så å følgje sti på berglend grunn fram til Venelitjørni. Frå Venelitjørni følger du stien vidare til toppen av fjellet. Eit lite stykke med lett klatring. Tørrlendt. Frå Venelifjellet – det vakre fjellet - kor ein i klart ver ser ut til havet ved Kragerø, fjella på Hardangervidda og Gaustatoppen. På sørsida ser vi ned i Grytedalen Barskogreservat, eit kjent villmarksområde med fleire eldre bjørnehi. Kongeørna, som har reir i dette område, er titt å sjå. Husk å skrive deg inn i boka i postkassa ved varden på Venelifjell. ADKOMST: Kjør sørover frå Quality Straand Hotel i Vrådal på RV 41 ca. 600 m til skilt : Veneli



P 4,5km. Ta av på denne 4,5 km lange private bomveien. Etter 1,2 km stopper du ved ei bomkasse for å betale ei vegavgift på kr 60,- per bil. Kjør vidare til du kommer til ein parkeringsplass og ei informasjonstavle for turområdet. Her er det ein behageleg mulighet for eit måltid eller ein kopp kaffi før turen startar.

Kabrettstaulfjellet - Morgedal



Ein flott tur i kupert terreng i Morgedal. Kjør av E134 i Morgedal, følg gamlevegen til skilting og avkjørsel opp mot Håtveitgrendi. Her er det parkering mot ei lita avgift. Herifrå følger du skogsbilveg oppover og over Liervatn, og vidare oppover mot Kabrettstaulen. Like før den siste hytta, går det ein umerka sti opp det bratte skaret bak staulen. Følg stien vidare mot toppen. Nyt den flotte utsikten før du returnerer same veg tilbake, eller tar ein rundtur i området. Du kan ta fyrste delen av turen på skogsbilvegen med sykkel.

Ånås - Fjågesund

Eit landemerke i Fjågesund (som betyr "det vakre, blide sundet") er den over 300 meter høge fjellveggen Hyvrenuten (442 moh) tilhøyrande fjellet Ånås (487 moh) Skiltet til Ånås står ved hovedvegen (Rv 304), og det er parkering ved grendehuset (108 moh) Etter byggefeltet går ein på fin graskledd traktorveg fram til Tjørøhjellen. Deretter på meir sti og det blir brattare fram til Jammerdalen. Det er laga ein steinsatt sti (veg) på ein del av partiet fram til Hyvrenuten. Steinvegen blei laga på 30-talet, for å køyre ut tømmer frå Ånås. Fin utsikt frå Hyvrenuten ned i Telemarkskanalen og Fjågesund. God utsikt også til Næring her. Det er ca. 1,9 km til Hyvrenuten frå grendehuset. Fram til Ånås er det småkupert terreng i skogen. Eit parti kan bli noko bløtt ved mykje regn. På Ånås er det meir fjellparti, og god utsikt også her. Turen opp til Ånås er på 2,9 km.

Hægefjell - Vrådal

Hægefjell ligg omtrent midt på grensa mellom Vrådal i Kviteseid og Fjone i Nissedal. Du kan starte ved Vrådal Panorama skisenter og ta turen opp til Tverrfjellet, anten med gondolbane eller til fots. Du kan òg starte ved Stemnetten. Køyr bomvegen (med betalingsterminal for bank-/ kredittkort) til toppen av fjellet. Parkering ved Utsikten. Der går turvegen, merkt med raudt, forbi Luktarhola, Sveigefjell, Brennstøynuten og Hægefjellskardet og opp til toppen av Hægefjell. Frå Hægefjell går du same stien tilbake til utgangspunktet. Det er òg mogleg å ta turen vidare ned til Nissedal og Fjone. Dette er ein middels krevjande tur med flott panoramautsikt over Vrådal og vassdraga Nisser og Vråvatn. Turen er flott anten du ønskjer å gå heile eller berre delar av vegen.